

# Møllendal

## Byromskonsept for Møllendal med kostnadsoverslag



BERGEN KOMMUNE  
BYRÅDSAVDELING FOR KLIMA,  
MILJØ OG BYUTVIKLING



# Innhold

<i>Kvifor byromskonsept</i>	5
<i>Samla visjon for byromma i Møllendal</i>	7
<b>1</b> <i>Ny allmenning</i>	11
<b>2</b> <i>Ny strandpark på Grønneviksøren</i>	15
<b>3</b> <i>Strandpromenaden frå Fløen til Gamle Nygårdsbro</i>	19
<b>4</b> <i>Elveparken</i>	25
<b>5</b> <i>Kirkegarden og byform</i>	31
<i>Samla kostnadsoverslag</i>	35
<i>Gjennomføring av byromskonseptet</i>	37
<i>Appendix</i>	41



# Kvifor byromskonsept

Byromskonsept for Møllendal foreslår kvalitetskrav for byrom og grøntstruktur som skal innarbeidast i to offentlege og dessutan aktuelle private reguleringsplanar i Møllendal. Kostnadsoverslaget er utarbeidd som grunnlag til forhandling om utbyggingsavtale/ar i området.

Arbeidet med dei to offentlege reguleringsplanane viste at det var trong for eit samla byrom- og grøntkonsept som samlar og tydeleggjer hovudgrepa for mellomromma i utviklingsområdet i Møllendal, gitt i kommunedelplan for Store Lungegårdsvann, søndre del. Seksjon for eiendomsutvikling og utbyggingsavtalar etterlyste også kostnadstal for å etablere byrom og grøntstruktur – konseptet presenterer difor også kva det kostar å etablere gode byromskvalitetar på sørsida av Store Lungegårdsvann.

Byromskonseptet har blitt til i eit samarbeid mellom Grønn etat og Etat for plan og geodata. Det blei sett ned ei arbeidsgruppe som har arbeidd med fem hovudtema.

## Hovudtema

1. Ny allmenning
2. Ny strandpark på Grøneviksøren
3. Strandpromenaden frå Fløen til Gamle Nygårdsbro
4. Elveparken langs Møllendalselva
5. Kirkegården og byform

Arbeidsgruppa har vore samansett slik:

## Etat for plan og geodata:

- Arne Mattheissen
- Gyda Strømmen
- Bård Magnus Fauske

## Grønn etat:

- Mogens Lock Hansen

Håkon Færø frå Etat for Byggesak og private planar har deltatt på mange av møta, medan Tom Sandahl, seksjonsleiar ved Grønn etat har deltatt på møte om byrom langs Møllendalselva. Elisabeth Totland frå seksjon for eiendomsutvikling og utbyggingsavtalar (SEU) i byrådsavdelingen har deltatt på møte om allmenningen og kostnadsoverslag, Marianne Dahl (SEU) har deltatt på møte om kostnadsoverslag samt utar-

*Store Lungegårdsvann i vinterdrakt.  
Møllendal til venstre i biletet.  
Foto: Håkon Broder Lund.*



beiding av tiltakslistar. Grønn etat ved byggeleiar Terje Engevik har bidratt til presisering av tiltaksliste og kostnadsoverslag. Landskapsarkitekt Fritjof Stangenes frå RISS Landskap har på oppdrag frå Etat for plan og geodata utarbeidd kostnadsoversikt og erfarings- tal på dei foreslåtte tiltaka. Kirkevergen har vore representert på to møte. Det er gjennomført fleire synfaringar i området. Sjølv byromskonseptet er utarbeidd av landskapsarkitekt Bård Magnus Fauske ved Etat for plan og geodata på bak-

grunn av innspel frå møteserien som blei halde vinter og vår 2008. Konseptet var i hovudsak ferdigstilt hausten 2008. Vinter og vår 2009 har gått med til kvalitetssikring saman med Grønn etat og SEU med sikte på vidare oppfølging frå Grønn etat.

# Byromskonsept for Møllendal

Symbol

- Ny allmenning
- Allmenning kryssar strandpromenaden
- Allmenningen overordna Møllendalsveien
- Passasje til framtidig bybanestopp
- Ny park
- Badestrand
- Offentleg fellesareal i studentboligprosjektet
- Namna minnelund
- Møllendalselva
- Viktige byrom langs Møllendalselva
- Offentleg byrom foreslått i privat plan
- Verna barkemølle
- Parkering
- Strandpromenaden
- Elvestien
- Nye gangforbindelser
- Nye forbindelser med viktige knutepunkt
- Port/trapp i kirkegårdsмур



BERGEN KOMMUNE

Fast for plan og godset

Samla visjon for byromsforløpa i Møllendal.

# Samla visjon for byromma i Møllendal

Aktuelle offentlege og private reguleringsplanar pr. oktober 2008.



Byromskonseptet viser ein samla visjon for byromma og grøntstrukturen som strekker seg utanfor dei to offentlege reguleringsplanane i området for betre å synleggjere samanhengen til eksisterande byromskvalitetar og naturlege utgangspunkt for vidare arbeid med for- edling av byromsforløpa i denne delen av byen.


Møllendalselva er den einaste sentrumsnære elva i Bergen som møter fjorden i ein open elveos (elva er regulert i Svartediket). Kommuneplanen sin arealdel gir såleis retningslinjer for parkmessig bearbeiding av areala som grensar til elvestrengen (§29). Vidare samlar konseptet dei kvalitetskrava og tiltaka som skal sikre dei store samanhengane i byen, til sentrum, rundt Store Lungegårdsvann og vidare sørover i Bergensdalen og ikkje minst langs elva opp mot byfjella. Slik dannar det grunnlaget for ein ny og fantastisk bydel, ein stad framtidige innbyggjarar vil vise til som noko vi klarte å skape i vår tid. Dette handlar om å skape nye, framtidige kulturminne som skal spele saman med allereie erkjente kulturminne og

slik gi ny kvalitet både til ein ny bydel og eksisterande by.

## Felles kvalitetskrav

Reguleringsplanane må stille krav til at det blir laga heilskapleg plan for byrom og grøntstruktur. Planen bør løyse kvalitetsprogram slik som for Damsgård- sundet og Markusplassen. Han bør difor skildre overordna standardar som universell utforming, heilskaplege løysingar som skal vere spesielle for området og kvar utforminga skal knyte seg til byen sine felles standardar.






◀ Samspelet rundt Store Lungegårdsvann er ein viktig del av byromskonseptet.

Byromskonseptet bygger på byromstema i kommunedelplanen.










# Ny allmenning



## Tiltak

-  Ny allmenning (1)
-  Allmenning kryssar strandpromenaden (2)
-  Allmenningen overordna Møllendalsveien (3)
-  Passasje til framtidig bybanestopp (4)

**Opplysningar**  
 Nye forbindelser



BERGEN KOMMUNE  
Etat for plan og geodata  
Byromskonsept for Møllendal



Ny allmenning går inn i Bergen sin lange tradisjon for allmenningar frå sjøen, gjennom byen innanfor og opp mot fjellet. Han utgjer det overordna byrommet i området og er eit tilbod til innbyggjarar i heile Bergensregionen.

# 1 Ny allmenning

## Funksjon og program

Hovudmålet må vere å sikre ein mangfaldig bruk av allmenningen, gjerne meir mangfaldig enn sentrale byrom som Torgallmenningen og Festplassen. Det er difor viktig at også denne allmenningen skal vere tilgjengeleg for alle. Strandkanten og parkområdet mellom byggesona og sjøen (strandpromenaden) må også vere tilgjengeleg for alle. Vidare må det etablerast publikumsretta funksjonar på gateplan ut mot allmenningen. Sjølv om han delvis kan inngå i krav til felles uteoppholdsareal, er det viktig at det ikkje blir avgrensa areal for eksempel til leik, men at utforminga av allmenningen blir slik at han også kan nyttast til leik saman med anna bruk.

Kunsthøgskulen bør prege allmenningen. Det kan skje ved at den knyter til seg nye, flyttar, eller utvider delar av sine publikumsretta funksjonar. Dei andre byggeprosjekta må styrke og bygge opp under allmenningen sin funksjon i det overordna nettverket av byrom i

Bergen. Elles kan det vere aktuelt å etablere ein paviljong på allmenningen.

## Byromshierarki

Allmenningen skal vere tilgjengeleg for alle og dessutan det sentrale offentlege rommet i området, jamfør kommunedelplanen. Samlokaliseringa med kunsthøgskulen og nærleiken til Haukeland sjukehus som regionale institusjonar, gjer dette til ein allmenning på by og regionnivå. Det er difor naturleg å legge til rette for aktivitetar og bruk ut over etterspørselen internt i området.

Viktige passasjar, krysningpunkt, "hjørne" og kommunisasjonsårer inn til allmenningen skal også vere offentleg tilgjengeleg. Allmenningen inngår i samanhengen rundt Damsgårdssundet og kan samanliknast med Lungeplassen framfor ny vidaregåande skule og svømmehall på Nygårdstangen samt Markusplassen i Damsgårdssundet.



Etablering av denne vil gi eit enormt spenn av opplevingsverdiar som i seg sjølv kan gi folk ein grunn til å besøke desse delane av byen.

## Kvalitetskrav

Viktige kvalitetskrav nemnt i kommunedelplanen.


- Området si betydning for bybildet skal vektleggast.
- Viktige gangforbindelsar skal sikrast som offentleg trafikkareal for slik å

sikre tilgjengelighet for alle.

- Utforming av og krav til siktlinjer.
- Forholdet gatebreidd/fasadehøgde skal maksimalt vere 1:1,1
- Fasadelengder: 70 m for offentlege bygg, 50 m bustadbygg.
- Allmenningen skal vere minimum 35 m brei.
- Køyring i Møllendalsveien skal skje på gåande sine premisser.
- 4m høgde i 1. etasjar med inngang frå allmenningen.
- Publikumsretta funksjonar knytta til hovedinngang frå offentleg plass, gate eller allmenning.



Møte mellom ny allmenning, strandpromenaden og Store Lungegårdsvann.  
Illustrasjon: 3RW.



- Uteservering på fortau tillatt, minimum 1m langs fasade, fortau minimum 3m.
- Krav til universell utforming.
- Strandpromenaden mellom bebyggelsen og strandlinja skal oppgrade-rast.

#### Nye kvalitetskrav

- Allmenningen kan inngå i krav til uteoppholdsareal i området. Dette forutset ekstra tilrettelegging for barn og leik i utforminga av allmenningen, men det skal ikkje avgrensast område eksklusivt for leik eller opphald for enkelte; allmenningen skal vere tilgjengeleg for alle.
- Opphaldssoner bør leggest til solsida nordaust på allmenningen, medan areal for gåande og syklende kan leggest mot den vestlege delen av allmenningen. Det må stillast krav til passasje mellom ei slik opphalds-sone aust på plassen og fasaden.
- Grunna allmenningen sin overordna funksjon i byromshierarkiet skal denne ha prioritet og strekke seg som ein løpar over strandpromenaden samt vise møtet med og sikre tilgang

til Store Lungegårdsvann. Møtet mellom allmenningen og strandpromenaden kan betonasst i val av dekke, møblering eller beplantning.

- Kunstallmenningen og hovudallmenningen skal henge saman der desse kryssar Møllendalsveien. Dette står i konflikt med dei store trea som i hovudsak står oppå muren langs Møllendalsveien. Trea utgjør ein frodig del av grøntstrukturen i området og bør søkast bevart så langt som råd, eventuelt ved flytting av tre viss mogleg. Dette må sjåast saman med muren, som kan ha bevaringsverdi og utforminga av uteareala til kunst-høgskulen.
- Allmenningen skal ha ei heilskapleg og nyskapande utforming både internt og i koblinga med tilgrensande område.

### Rekkefølgekrav

Reguleringsplanene bør ta inn følgende krav til rekkefølge:

- Dei to hovudfasadane inn mot allmenningen vil truleg bli etablert i

- fleire byggeprosjekt, eit på kvar side. For å sikre ein heilskapleg etablering og fysisk avgrensing av allmenningen, bør reguleringsplanen likevel ta høgde for at byggeprosjekta kan bli gjennomført i deletappar.
- Den delen av allmenningen som kryssar strandpromenaden og møter sjøen i Store Lungegårdsvann kan gjennomførast som eit eige delprosjekt. Då koblinga skal gi tilbod til alle, men ikkje må gjennomførast saman med tilgrensande utbygging, kan rekkefølgekrav knytast til kor stor del utbygging som er gjennom-

ført, slik som for strandparken.



- Oppgradering av Møllendalsveien slik at denne knyter saman denne allmenningen med kunstallmenningen, bør sjåast saman med utbygging av kunsthøgskulen.
- Etablering av forbindelse til framtidig bybanestopp knyter seg naturleg til etablering av bybanen, men forbindelsen må vere sikra slik at han ikkje blir nedbygd.

NR	Tiltak ny allmenning	Kostnad
1	Etablering av ny allmenning	16,8 mill kr
2	Trappeanlegg ned til Store Lungegårdsvann	4,6 mill kr
3	Oppgradere Møllendalsvegen for å sikre samanheng mellom ny allmenning og kunstallmenningen	3,4 mill kr
4	Byromsforbindelse til framtidig bybanestopp. Inngår ikkje i utbyggingsavtale i denne omgang.	4,0 mill kr
<b>SUM</b>		<b>28,8 mill kr</b>

# Ny strandpark på Grønneviksøren



## Tiltak


-  Ny park (5) med ulike funksjonar (7-11)
-  Badestrand inkludert i parken (6)



BERGEN KOMMUNE  
Etat for plan og geodata  
Byromskonsept for Møllendal



Gjennom etablering av ein park på Grønneviksøren med høg kvalitet, kan Bergen skaffe seg ein ny, spennande og populær park med sentrumsnære tilbod til opphald, arrangement og bading for mange innbyggjarar i byen. Plassering av dei ulike tiltaka i figuren er ikkje førande.



## 2 Ny strandpark på Grønneviksøren

### Funksjon og program

Frrområdet må først og fremst vere eit fleirbruksområde tilrettelagt for ulike grupper. Her kan ein tilby både sentrumsnære badeplass og soner for opphald. Ei scene kan også vere aktuell til byarrangement og konsertar, men må sjåast saman med ei eventuell scene/paviljong på allmenningen. Vedtektene som er heimla i kommunedelplanen, krev også at det blir opparbeidd ei ballbane i området som det er naturleg å lokalisere til frrområdet. Men først og fremst bør dette vere parken ved Store Lungegårdsvann.

Neptun båtforening ønsker å lage ei familievenleg og offentleg tilgjengeleg gjestehamn for småbåtar. Samlokalisering i overgangen til frrområdet/badestrand kan gjere begge svært attraktive.

### Byromshierarki

Parken kan inngå som ein av fleire sentrumsnære badeplassar og tilbyr slik eit nytt tilbod hovudsakleg til innbyggjarar i nærområdet og i sentrumsområdet. Samlokalisering med regionale funksjonar, ny allmenning, og ei eventuell, offentleg tilgjengeleg gjestehamn for småbåtar og høg standard vil gjere parken til eit viktig tilbod også for heile byen.

### Kvalitetskrav

- Kommunedelplanen framhevar betydning for bybildet. Det må også gjelde frrområdet; slik at det kan framstå som parken ved Store Lungegårdsvann. Dette kan berettige ein konkurranse eller parallelle oppdrag om utforming av heile parken frå Neptun båtforening til og med elveparken.
- Parken bør få ei naturinspirert, open utforming som spelar saman med Fløenparken, særleg i møtet med Store Lungegårdsvann. Det skal



- vere tilkomst ned til sjøen slik at det er mogleg å vasse ut i sjøen. Det vil gi eit heilt nytt tilbod i byen.
- Funksjonar som badestrand og scene/plass til arrangment gir viktige premiss til utforming av strandkanten.

- Utforming av strandlinja må også ta omsyn til straumforhold frå Møllendalselva for å unngå unødvendig erosjon på elvebreidda/strandlinja og sjøbotn.







- Ei brygge skal gjere det mogleg å ta seg til og frå strandparken med småbåt og må difor integrerast i utforming av strandparken. Dersom det er aktuelt å lokalisere ei offentlig tilgjengeleg gjestehamn for småbåtar, må utforminga av denne drøftast særskilt.
- Gjerde eller liknande innhegningar rundt ballplass, badestrand o.l. kan ikkje tillatast. Eventuelle behov for fysisk avgrensing må løysast gjennom utforminga, for eksempel gjennom bevisst terrengforming.


- Ureining i grunnen kan gjere det aktuelt å byte ut med nye, reine massar.

## Rekkefølgekrav

- Gjennomføring av strandparken kan skyvast på noko fordi den er mindre avhengig av tilgrensande prosjekt enn oppreinsking i Møllendalselva og etablering av tilstøytande byrom. Det må difor stillast krav til kva terskel på bruksareal i området som utløyer etablering av parken for å tilfredsstille andel uteoppholdsareal.

NR	Tiltak ny strandpark på Grønneviksøren	Kostnad
5	Etablering av ny park	7,8 mill kr
6	Badestrand som ein del av parken	1,7 mill kr
7-11	Ymse tiltak avhengig av program for parken	2,8 mill kr
<b>SUM</b>		<b>12,3 mill kr</b>

# Strandpromenenaden



## Tiltak

- Promenade i front av Draugen båtforening (12)
- Kryssar ny allmenning (13)
- Parkpromenenaden (14)
- Promenade i front av Neptun båtforening (15)
- Plassdanning mellom Neptun og Møllendalsveien 2-4 (16)
- Utbygg rundt Møllendalsveien 2-4 (17)
- Plassdanning i møtet med Gamle Nygårdsbro (18)

## Opplysninger

- Sykkeltrase, stipla trasé usikker



BERGEN KOMMUNE  
Etat for plan og geodata  
Byromskonsept for Møllendal



Strandpromenade frå Fløen til Gamle Nygårdsbro. Denne vil nær fullføre ein gjennomgåande promenade rundt Store Lungegårdsvann som også koblar seg til strandpromenaden rundt Damsgårdundet.

Promenadesystemet rundt Damsgårdundet og Store Lungegårdsvann med kobling til byfjella via Møllendalselva.

## 3 Strandpromenaden frå Fløen til Gamle Nygårdsbro

### Funksjon og program

Strandpromenaden frå Fløen via ny allmenning, munningen av Møllendalselva, friområde på Grønneviksøren til gamle Nygårds bro vil inngå som del i og nær fullføre ein promenade rundt Store Lungegårdsvann. Han skal ha høg kvalitet på utforming og vere tilgjengeleg for alle.

Seks ulike sekvensar :

1. Strandpromenaden utanfor Draugen båtförening (12) skal tilby kontakt med sjøen i Store Lungegårdsvann. To hovudprinsipp er interessante, anten kan strandpromenaden leggast på ein pela sti som blir bygd ut i vatnet eller han kan byggast i samanheng med fronten til naustrekka og slik inkludere og kombinere opphaldssoner og promenadefunksjonar.
2. Forbi allmenningen skal strandpromenaden oppgraderast til ein høgare kvalitet som høver saman med utforminga på allmenningen, jfr. kvalitetskrav til sistnemnde.



3. Brua over Møllendalselva har ei noko uheldig og lukka utforming. Særleg den høge bunnkassen der fjernvarmerøyr kryssar elva, gjer at brua stenger utsyn frå byromma sør for brua og ut mot Store Lungegårdsvann. Rekkverket er også lite ope, slik at det får ein tilsvarande virkning. Brua er likevel etablert for så kort tid sidan at ho bør bli vidareført no, eventuelt med mindre tilpassingar som bytte av rekkverk.

4. I strandparken inngår Strandpromenaden som ein del av stisystemet til parken og skal dermed skillast frå fortau i Møllendalsveien slik promenaden er skillt frå sykkelstien i Fløen. Ein eventuell konkurranse eller parallelle oppdrag om parken må foreslå utforming og traséval for denne sekvensen på promenaden.
5. Strandpromenaden gjennom Neptun båtförening (15) skal tilby kontakt med sjøen og båtlivet i Store Lunge-

gårdsvann. Som ved Draugen (12) er to hovudprinsipp interessante, anten kan strandpromenaden utformast som ein pela sti bygd ute i vatnet eller han kan byggast i samanheng med fronten til naustrekka for å inkludere og kombinere opphaldssoner med promenadefunksjonar. Løysinga kan gjerne skille seg frå den som blir valt i A2 for å gi eit anna tilbod. Felles materialval i kvalitetsprogrammet vil synleggjere samanhengen.



6. Promenaden blir avslutta rundt Møllendalsveien 2-4 og inn til gamle Nygårdsbro. Eit mogleg alternativ viss det viser seg vanskeleg å gjennomføre strandpromenade rundt bygget, er å gå gjennom det indre gårdsrommet til bygget. Då må i så fall eksisterande parkeringskapasitet samt forholdet mellom privat fellesareal og offentlig uteareal vurderast som ein del av utforminga av promenaden.

Neptun båtforening har ytra ønske om ei gjestehamn som tilbyr eit rolegare alternativ til å legge båten i Vågsbunnen. Viss aktuelt, kan det knytast kommersielle aktivitetar som båt/kajakkutleige til ein slikt funksjon. Den bør i så fall lokaliserast til møtet mellom parken og sekvensen gjennom A1.

Ved gamle Nygårdsbro forutset byromskonseptet vidareføring i fortau langs bybanen over til Florida. Dessutan kan strandpromenaden knytte seg til promenaden via Solheimsviken og rundt Damsgårdssundet. Ein kan også vurdere å utforme ei alternativ kryssing under ei av kvelvingane på den gamle

brua, men truleg er det for lite høgde til å få til dette.

Kommunedelplanen stiller krav til sykkelfelt i Møllendalsveien. Kobling mellom sykkelsti i Fløen og desse sykkelfeltene kan skje via ny gangbru over Møllendalselva. I så fall kan kvaliteten til dekket på strandpromenaden rettast mot fotgjengarar, medan den andre vegen kan tilpassast syklistar.

## Byromshierarki

Strandpromenaden bind saman dei ulike byromma rundt Store Lungegårdsvann med Damsgårdssundet og Bergen sentrum. Den styrkar strandsona rundt Store Lungegårdsvann som eit stort, felles byrom i Bergen.

## Kvalitetskrav

- Strandpromenaden sine ulike sekvensar må utformast slik at sammenhengen framstår som tydeleg, samtidig som skilnadane mellom dei ulike






sekvensane er lesbare i bybildet.

- Kvalitetar langs promenaden kan bygge på arbeidet i Damsgårdsundet. Koblinga med strandparken, gangveg langs Møllendalselva i retning byfjella og kryssing av den nye allmenningen må vektleggast som særskilt viktige knutepunkt i utforminga av promenaden.
- Strandpromenaden skal vere tilgjengeleg for alle. Det gir ei spesiell utfordring for samankoblinga med Gamle Nygårdsbro, der det kan vere aktuelt å kombinere trappeløysing med rampe for å fange opp stigningen opp til brua. Møtet bør difor løysast som eit plassgrep som gir rom til å fange opp stigningsforskjellen over ei større lengde.
- Hindringar for allmenn tilgang slik som piggråd og plankegjerdje blant anna der promenaden går gjennom A1 og A2, kan ikkje tillast.
- Kvaliteten på dekket kan vise at strandpromenaden er prioritert for fotgjengarar jamfør skillet mellom asfaltert sykkelsti og grusa strandpromenade i Fløenparken.

## Rekkefølgekrav

Kvar sekvens utgjør naturlege utbyggingsetappar. Det bør difor lagast rekkefølgekrav knytt til tilgrensande utbygging.

- Promenaden gjennom strandparken må etablerast saman med parken. Dagens forbindelse må oppretthaldast under utbygging. Dersom promenaden blir lagt mot Møllendalselva, bør han etablerast saman med tilgrensande utbygging.
- Den delen av strandpromenaden der allmenningen møter sjøen i Store Lungegårdsvann kan gjennomførast som eit eige delprosjekt.
- Det må stillast krav til forenkling av profilen og rekkverk på eksisterande gangbru, alternativt ny utforming, dersom denne må endrast som følge av utbygginga eller eventuell flytting/omlegging av fjernvarmerøyr, slik at siktlinja ut langs elva blir styrka.






Mogleg vidareføring av promenade under kvelving til Gamle nygårdsbro?










NR	Tiltak strandpromenaden	Kostnad
12	Strandpromenade i A2	4,7 mill kr
13	Oppgradere strandpromenade ved ny allmenning.	1,9 mill kr
14	Strandpromenade i park	0,9 mill kr
15	Strandpromenade i A1	8,3 mill kr
16	Plassdannelse på austsida av Møllendalsveien 2-4 ved node i Strandpromenade.	0,8 mill kr
17	Strandpromenade rundt Møllendalsveien 2-4	3,3 mill kr
18	Plassdannelse med trappe- og rampeanlegg i tilkobling til Gamle nygårdsbro.	2,7 mill kr
<b>SUM</b>		<b>22,6 mill kr</b>

# Elveparken

## Tiltak

-  Møllendalselva nedanfor elvetunnelen (20 F-I)
-  Nordre del av Elveparken, vist i kommunedelplan (19 A)
-  Viktige byrom langs Møllendalselva (19 A-E)
-  Elvestien (19 B)


## Opplysningar

-  Parkering ved gravkapell
-  Barkemølle verna i fredningsklasse
-  Elvetunnelen under Møllendalsbakken og Årstadveien
-  Kanal mellom Årstadveien og Svartediket
-  Offentleg byrom foreslått i privat plan
-  Nye forbindelser med viktige knutepunkt
-  Ubrutt siktelinje frå jernbanebru til Store lungegårdsvann



BERGEN KOMMUNE  
Etat for plan og geodata  
Byromskonsept for Møllendal

4





Kommuneplanen anbefaler at vassdrag i senterområda blir gitt ein parkmessig opparbeiding. Møllendalselva si munning høver svært godt til dette.



## 4 Elveparken

Som grunnlag for arbeidet blir det vist til kommuneplanen sin arealdel §29:

*”I kommuneplanens senterområder kan vassdrag gis parkmessig opparbeiding. I øvrige områder skal naturtilstand bevares i størst mulig grad.”*

Med ”parkmessig opparbeiding” siktar kommuneplanen sin arealdel ikkje berre til sjølve elvestrengen, men til dei næraste 10 m inn til elva i senterområde, der det er forbud mot tiltak etter PBL §§ 86a og 93. Det blir med andre ord viktig å ta stilling til kva karakter og gjennomgåande trekk kommunen ønsker gjennomført for byromma langs elva. Geografisk avgrensing viste seg også som eit viktig spørsmål for dette temaet. Skal ein synleggjere ambisjonar for heile eller berre dei nederste delar av elvestrekkingen, i samsvar med dei offentlege reguleringsplanane i området? Arbeidsgruppa konkluderte med å vise korleis byromma langs elva, frå elvemunningen til utløpet frå elvetunnelen under Møllendalsbakken kan utviklast. Dermed stiller byromskonseptet også kvalitetskrav til fleire private reguleringsplanar i

området. Men arbeidsgruppa presiserer at arbeid med byromma vidare frå Haraldsplass (der Årstadveien krysser Fløenbakken ved innløp til elvetunnelen i Møllendalselva) til Svartediket vil ha store potensial. Slik innleier byromskonseptet arbeid med overordna byrom og grøntstruktur langs denne strekningen.

### Funksjon og program

Parkmessig bearbeiding langs Møllendalselva inneber at ein etablerer ein kjede med ulike byrom langs elva og forbindelseslinjer prioritert for gåande langs med elva som også gir tilkomst til ulike delar av elva. Grepet vil slik innehalde ulike sekvensar på same måte som for strandpromenaden. Dessutan vil det framheve Bergen sin einaste opne elveos i nærleiken av sentrum (elva er regulert over Svartediket). Det berettigar i seg sjølv eit byromsgrep som framhevar elva og som tydeleggjer elva si historiske betydning som ein av dei første stadane med industri av ulikt slag.



Målet om parkmessig bearbeiding langs elva bør tilstrebe tre hovudmål:

- Sikre grunnlag for at ein lokal sjøørretstamme kan reetablere seg i Store Lungegårdsvann ved å sikre gode gytekkvalitetar og lokalitetar i elva.
- Etablere elva som ein blågrøn kjede av byrom som ligg ned til elva og

med ferdselsårer som koblar desse saman og som dessutan sikrar tilgang til dei delar av elva der ein kan tillate dette.

- Elva skal friskmeldast frå dagens forureining slik at ho kan brukast til leik og bading.



Forbindelsane langs Møllendalselva må koble seg naturleg på strandpromenaden rundt Store Lungegårdsvann ved gangbruene som kryssar elva inn i parken langs elva og på Grønneviksøren. Det sikrar ein god kontakt frå strandpromenaden og vidare langs vassdraget opp til kirkegarden og gjer det mogleg å etablere ein forbindelse vidare opp langs elva til Svartediket og byfjella.

## Byromshierarki

Kjeden av byrom langs Møllendalselva utgjer eit overordna, blågrønt byrom som sikrar samanheng med tiliggande område ovanfor Møllendal, opp mot Haukeland sjukehus og vidare langs elva til Svartediket. Dei enkelte byromma vil hovudsakleg tilby lokale funksjonar, medan enkelte byrom som under trekronene ved utløpet frå elvetunnelen vil tilby så spesielle byrom at dei vil gi nye opplevingar også på bynivå.

## Kvalitetskrav

- Det skal vere utsikt frå bruene og kvar byromssekvens nedover elva og heilt til Store Lungegårdsvann og over til andre sida frå dei nederste bruene.
- Elvekanten ved eksisterande gangbru kan utvidast fram til brua i nordvestleg retning.
- Byromma langs elva må ha ei solid utforming som tåler tidvis høg vassstand. Bruer og kantar må utformast slik at dei tåler flaum, men uten å leie vatnet inn i fellesareal eller viktige forbindelseslinjer. Det skal vere trygt å ferdast i området også ved høg vasstand.
- Det må stillast krav til gytevenleg substrat ved utskifting av botnmassar i elva. Massane må også gjere det mogleg å etablere aktuell vegetasjon i elvekanten som gir rom for mindre dyr og organismar som eignar seg som mat for ein sjørretstamme.
- Byrommet ved krysset mellom elvebreidda og Møllendalsveien må få ei robust utforming som sikrar tilkomst

til elva og som koblar seg naturleg til ferdelsårene frå elveparken til kirkegarden, Haukeland og Tingvegen. Desse viktige forbindelsane gjer at byrommet må tilby funksjonar som er felles for fleire enn tilgrensande utbygging.

- Murar på strekninga nedanfor Kronstadsporet bør skiftast ut, medan ei naturleg elvebreidd bør tilstrebast i kulpene ved utløpet frå elvetunnelen inn mot kirkegarden.
- Elvebreidda langs begge sidene av Møllendalselva må få ei utforming som både ivaretar gangsoner, opphald, naturmiljø og risiko og sårbarhet ved flom. Eit forprosjekt må sjå nærare på løysinga her.
- Løysingane som gir tilgang til elva, må ikkje forstyrre livet i elva meir enn akseptabelt når fisk gyter.
- Som ledd i eit forprosjekt bør det drøftast nærare korleis ei minste vassføring frå vannverket i Svartediket i tørre periodar kan løysast. Ei minste vassføring vil sikre ein god totalopplevelse av elva gjennom to mål: at fisk kan gyte og overleve og nok vatn til vasspeglar som viktige

kvalitetar i byromma, særleg nedanfor jernbanebrua.

- Overflatevatn i området kan også førast ut i elva og vassføringa kan sikrast ved å utforme tersklar og elveløp slik at det held på ei minste vassmengd i dei nederste delane av elva, sjå figur side 28. For å sikre eit rikt biologisk liv, kan talet tersklar med fordel heller aukast enn minskast<sup>1</sup>. Arbeidet med oppreinsking i elva må ta stilling til talet.

## Rekkefølgekrav

- Nye kantar og murar må etablerast før oppreinsking av elva og utskifting av botnmassar.
- Oppreinskinga av Møllendalselva må vere gjennomført før tilgrensande parkar og byrom blir bygd ut.
- Tiltak for å reetablere naturleg liv i elva må inngå i eit samla tiltak samtidig med oppreinsking og biotopforbetring for fisk.
- Då det vil vere lite areal mellom byggeprosjekta og elvestrengen til anlegg og rigg, bør byromsprosjekta som grensar til Møllendalselva



etablerast eller i det minste klargjerast samtidig med nye murar langs elva. Det vil sikre naturlege og gode samanhengar og gjere området klart til utbygging.


- Dersom byromma berre blir klargjort, bør dei fullførast saman med endra eller ny, tilgrensande bebyggelse.
- Rekkefølgekrav må sikre byrommet i møtet mellom elvepromenaden, Møllendalsvegen og Tingvegen blir gjennomført fordi det har ein funksjon ut over fellesområde.

## Tiltak


Forvaltningsplan - vassdragene i Bergen<sup>2</sup> prioriterer Møllendalselva til gruppe 1 av 10 blant satsingsvassdrag for gjennomføring av tiltak fram til 2015. Planen nemner "natur- og kultursti langs deler av vassdraget".



Snitt




Plan





*Snitt: Prinsipp som viser sikring av minste vassføring i elva.*

*Plan: Ulike bunnpunkt på tersklane nedover elva kan gi variert strøm mellom tersklane, særleg ved minstevassføring.*






Mogleg utforming av elvebreidda som tar omsyn til både opphald og forbindelsar samt risiko og sårbarhet ved flom. Eit forprosjekt om Møllendalselva og Elveparken vil drøfte om og korleis prinsippet kan bli brukt. Illustrasjonar: 3RW.



NR	Tiltak	Kostnad
19	Elveparken. Herunder turvegar, elvepromenade og elverom under trekronene ved elvetunnelen (repos, trapp og sti), elvebreidd og opparbeiding av areal/byrom mellom studentboligane og kryssingspunktet Tingvegen/Møllendalsvegen og Møllendalselva.	28,7 mill kr
20	Møllendalselva: Bygge tersklar i elva samt steinar/element på elvebotn som sikrar tilgang ved låg vassstand. Drøfte minstevassføring med VA-etaten. Bytte ut bunnmassar i Møllendalselva.	4,8 mill kr
	<i>Grunna stor usikkerhet, blir tiltaka og kostnadsoverlaget vidare utgreidd i eit forprosjekt om Møllendalselva og elveparken.</i>	
<b>SUM</b>		<b>33,5 mill kr</b>

# Kirkegården og byform



## Tiltak

- Nye gangforbindelser (21 og 23 + tiltak i vegrapport)
- Port/trapp i kirkegårdsmur (22)

## Opplysninger

- ▨ Namna minnelund
- ▨ Kobling med elveparken i studentboligprosjekt
- ▨ Kirkegården og byform
- ▨ Minnelund binder kirkegården sammen med parken
- > Siktelinjer fra kirkegården



BERGEN KOMMUNE  
Etat for plan og geodata  
Byromskonsept for Møllendal



Byromskonseptet vektlegg samspel mellom grepet på kirkegården og grepet for byrom i utviklingsområdet på Grønneviksøren i staden for eit visuelt skille mellom desse slik kommunedelplanen foreslår. Siktlinjene er gitt som føringar til Studentsamskipnaden sine parallell-opdrag om nye studentboligar.



## 5 Kirkegården og byform

Dette temaet tar føre seg samanhengen mellom Møllendal kirkegård og byromma særleg på Grønneviksøren. Temaet er viktig fordi kirkegården som eit viktig kulturminne, ein kirkegård som er i bruk dagleg og som ein stor, dominerande grøntstruktur må gi føringar til utforming av området.

### Funksjon og program

Kirkevergen har eit sterkt ønske om å få til ein namna minnelund<sup>3</sup> på arealet som kommunedelplanen set av til utviding av kirkegården i Møllendal. Ein slik namnelund kan inngå som ein naturleg forlenging av kirkegården og overgang til friområdet/parken på Grønneviksøren.

Kirkevergen har også eit ønske om å få til ein stad knytt til kirkegården der ein kan kome innom, der det er rom for å sette seg ned som del av for eksempel ein sorgprosess<sup>4</sup>. Det kan vere ein kafé eller eit galleri. Lokalisering bør sjåast saman med etablering av ein namna minnelund og kanskje øvrig program på Grønneviksøren.

### Byromshierarki

Kirkegården tilhøyre eit overordna nivå til grøntstrukturen i Bergen sentrum. Som dominerande landskapstrekk med høg kvalitet på parkanlegget, må denne legge føringar for korleis omgivelsane blir utforma. Utviding av kirkegården mot friområdet i nord gjer det også mogleg å styrke den visuelle kontakten til Nygårdsparken på motsett side av Store Lungegårdsvann samt byromma som vil bli etablert ved ny vidaregåande skule/svømmehall på Nygårdstangen.

### Kvalitetskrav

- Det er viktig at grav- og urnelunden sin verdi som rekreasjonsområde blir bevart samtidig som eventuelt nye portar ikkje opnar for meir ferdsel gjennom kirkegården enn det behovet for ro og stillhet på ein gravlund kan tillate. Dei som kjem inn skal vite at dei er på kirkegården.
- Etablere gode siktlinjer gjennom bebyggelsen til friområdet på Grønneviksøren og med sikt til Nygårdstangen i prioriterte utsiktspunkt i hovudaksane og tverraksane på kirkegården. Det må stillast særskilte krav til høgde og utforming av bebyggelsen som ligg i desse siktlinjene.



- §7 i forskrift til gravferdslova stiller krav til lukkbar port og at det ikkje kan leggjast til rette vegsystem for gjennomgangstrafikk. Nye portar i muren mot Møllendalsveien kan likevel koble tverraksane i kirkegardsmuren visuelt betre til dei nye byromma. Nye portar kan plasserast anten i tilknytning til dei offentlege passasjane i byggeområda på Grønneviksøren eller mellom desse viss ein ikkje ønsker å auke tilgangen like mykje. Begge løysingane vil betone samanheng med den nye bebyggelsen.

- Dei same tverraksane kan i punkt der det ikkje er gjennomgåande forbindelsar bli fanga opp i utforming av fasadar på nye bygg eller felles uteareal knytt til inngangar til desse bygga.







I kulturminnegrunnlaget for kommunedelplanen heiter det:

*"Området innehar en rekke gamle murer og steingjerder som representerer noen av de få restene som er igjen av gårdsstrukturene i området. De gamle murene og steingjerdene kan fortelle om områdets tidlige historie og eiendomsforhold, og har derfor meget høy antikvarisk verdi."*

Prinsippet med nye portar i muren står til dels i motsetning til kommunedelplanen som seier at det skal plantast eit belte på 3-6m med tre for å styrke samanhengen i grøntstrukturen langs kirkegarden. Der løysinga i kommunedelplanen gir ein avvisande grø

vegg og skille mellom utbyggingsområdet og kirkegarden, vil etablering av portar i muren ned mot Møllendalsvegen styrke samspelet mellom kirkegarden og det nye utbyggingsområdet. Eit slikt grep styrkar også muren som kulturminne då det inkluderer han i og gir premisar til byforminga. Slik framstår muren i ei samla og arkitektonisk god løysing som både fortel historia til området og spelar saman med den nye bruken.

## Rekkefølgekrav

- Tverrforbindelsar må vere sikra gjennomført før ny utbygging blir tillatt.

NR	Tiltak kirkegarden og byform	Kostnad
21	Tverrforbindelse frå Strandpromenaden til Møllendalsveien ved tverrakse.	0,4 mill kr
22	Etablere portar i mur/smijernsgjerde med trapp inn til kirkegarden i aktuelle tverraksar.	0,7 mill kr
23	Etablere tverrforbindelse til Kronstadhøyden.	0,6 mill kr
<b>Sum</b>		<b>1,7 mill kr</b>



# Samla kostnadsoverslag

## Forutsetningar

- Prisane bygger på prisnivå pr. juni 2008, inklusiv prosjektering, administrasjon, rigg og drift. Prisane er eks. MVA. Ved eventuell framskriving av 5 års prisstigning, kan SSB sin indeks for boligblokk nyttast. Denne viste ei prisstigning på 24,6% frå 2003 til 2008.
- Driftskostnader inngår ikkje i overslaget.
- Talgrunnlag for mengder er så langt som mogleg henta frå temaa arealbruk og samferdselslinjer i kommunedelplan for Store Lungegårdsvann, søndre del. Øvrige mengder er rekna ut på bakgrunn av utteikningar av areal og lengder for tiltak som ikkje inngår i kommunedelplanen. Presisjonsnivået er det same.
- Det er ikkje tatt omsyn til eventuell utskifting av massar som følge av ureining i grunnen. Vidare er det ikkje tatt omsyn til eventuell oppfylling som følge av auka havnivå.
- Ny øst/vest gangforbindelse frå allmenningen til Møllendalsveien inkl. ny bru inngår ikkje då kostnad


for denne blir utgreia i arbeidet med kostnadsoverslag for oppgradering av Møllendalsveien.

- Namna minnelund fell til kirkevergen sitt ansvar og inngår difor ikkje.
- Dei aktuelle reguleringsplanane må ta endeleg stilling til dei kvalitets- og rekkefølgekrav som kan og skal stiltast.
- Avrundinga av delsummane avviker noko frå det detaljerte kostnasoverslaget, men totalsum er lik.



NR	Samla kostnader byromskonseptet		Sum
1-4	Ny allmenning		28,8 mill kr
5-11	Park på Grøneviksøren		12,3 mill kr
12-18	Strandpromenaden		22,6 mill kr
19-20	Elveparken		33,5 mill kr
21-23	Kirkegarden og byform		1,7 mill kr
	<b>Sum entreprisekostnader</b>		<b>98,9 mill kr</b>
	Rigg og drift av anlegg	7%	6,9 mill kr
	Prosjektering og administrasjon	12%	11,9 mill kr
<b>SUM</b>	<b>Prosjektkostnad</b>		<b>117,7 mill kr</b>

# Byromskonsept for Møllendal



Figuren viser ulike tiltak i byromskonseptet. Gjennomføring er skildra under. Nummereringa i temakart 7 viser til denne gjennomgangen. Framdriftsdiagrammet på side 39 viser forslag til gruppering av byromsprojekta og interne avhengighetar mellom dei.

## Gjennomføring av byromskonseptet

Byromskonseptet kan bli fulgt opp med vidare detaljering i fleire byromsprojekta. Medan nokre prosjekt berre avheng av byggeprojekta, må andre skje i ei viss rekkefølge. Under følger ei kort skildring av dei projekta som har ein slik intern avhengighet.

Eit detaljert kvalitetsprogram vil gi dei offentlege byromma, forbindelsar og grøntstruktur i Møllendal eit felles uttrykk, slik at dei blir godt lesbare og tilgjengelege for alle (universell utforming). Eit kvalitetsprogram kan òg gi innspel til val av planter, materialar og møblering i utomhusplanar for felles uteareal. Nummereringa under refererer til temakart 7 på motsett side.

### 1. Ny strandpark

Utforming av park bør skje gjennom ein open konkurranse eller parallelle oppdrag nokså tidleg fordi det kan gi gode og spennande premiss til eit kvalitetsprogram for området. Strandpromenaden bør inkluderas i prosjektet då utforming av denne og parken heng tett saman samt at den kan lokaliserast

anten i parken eller tettare på stranda enn det som går fram av figurane. Etablering av parken avheng derimot ikkje av tilgrensande byggeprosjekt. Bygging kan difor skyvast noko på og treng først skje når krav til uteareal i byggeprojekta ikkje er dekkja inn i andre byrom eller innbygarane i byen har behov for eller etterspør strandparken. Krav til uteareal og rekkefølgekrav kan med stor fordel utformast slik at dei konkret viser kor tid strandparken må vere etablert.

### 2. Ny allmenning

3RW sin rapport om allmenningen og kvalitetskrav i reguleringsplan Møllendal øst gir god nok kunnskap til å detaljprosjektere allmenningen. Arbeidet kan gi innspel til kvalitetsprogrammet for heile området. Gjennomføring av allmenningen kan delast i to slik at kryssinga med strandpromenaden anten blir gjennomført saman med allmenningen eller som del av strandpromenaden, eventuelt som eit eige prosjekt viss strandpromenaden blir vidareført med dagens kvalitet. Sjølv allmenningen bør gjen-

nomførast saman med byggeprosjekt på minst ei av sidene.

### 3. Kryssing til Kunstillmenningen og forbindelse til bybanen

Ny allmenning skal henge saman med kunstillmenningen/kunsthøgskulen. Kryssinga av Møllendalsvegen bør difor gjennomførast saman med bygging av kunsthøgskulen. Forbindelse til bybanen må etablerast som del av kunsthøgskuleprosjektet eller byggeprosjekt øst for denne, medan nødvendige kvalitetar som forbindelse til bybanen høyrer naturleg til framføring av bybane gjennom Møllendal.

### 4. Elveparken

Det må omfattande miljøtiltak til skal Møllendalselva inngå i eit boligområde samt gi gode livskår for fisk. Dette må difor gjennomførast før tilgrensande byroms- og byggeprosjekt. Tersklar og tiltak i elva samt murar og avslutningar mot elva må truleg gjennomførast før oppreinskinga slik at ein unngår ureining frå fyllingane/anlegget i elva etter

at denne er rydda. Tilgrensande byrom bør gjennomførast som avslutning på denne oppryddinga både for å sikre naturlege og gode samanhengar samt gjere området klart for utbygging. Då arealet mot elva er begrensa til anlegg og rigg, bør ein unngå at desse blir gjennomført etter innflytting i området. Byrom langs elva bør difor gjennomførast seinast samtidig med tilgrensande utbygging.

Elveparken skal henge saman med strandparken, men kan gjennomførast som eige prosjekt. Den kan med fordel bli omfatta av ein konkurranse eller parallelle oppdrag om parken for å sikre samanhengande kvalitetar. Parken bør etablerast tidleg saman med tilgrensande utbygging. Trekanttomba bør

opparbeidast saman med tilgrensande studentboligar.

Grunna tildels stor usikkerhet i elveparkprosjektet, bør det utarbeidast eit forprosjekt for heile Elveparken.

#### 5. Elvesti og parkering ved kapellet

Då ny elvesti langs vestsida av Møllendalselva vil legge beslag på parkeringsareal som trengst ved seremoniar, må opprusting av resterande parkering og forbindelsar til kapellet og vegar på kirkegården skje saman med at stien blir etablert. Heile prosjektet bør skje samstundes med eller etter etablering av plass på trekanttomta då denne skal ta over noko av parkeringkapasiteten på denne plassen.

#### 6. Repos ved elvetunnelen

Etablering av sti, trapp og repos under trekronene ved utløp frå elvetunnelen kan skje uavhengig av alle byggeprosjekt. Trapp og tilhøyrande repos kan etablerast no, medan sti, og då særleg med vidare forbindelse over jernbane-

sporet til elvestien, vil avhenge av om Kronstadsporet vil bli brukt til eventuell sykkelsti og/eller bybane.

#### 7. Ny gangbru

Ny bru og forbindelse gjennom byggeområdet i vest til allmenningen i øst inngår i vegtiltaka og ikkje i tiltaka byromskonseptet skildrar. Kvalitetskrava i både byromskonseptet og eit kvalitetsprogram/forprosjekt bør gjelde for denne forbindelsen. Forbindelsen bør gjennomførast saman med tilgrensande byggeprosjekt medan brua kan gjennomførast samtidig med byggeprosjekt som grensar til denne forbindelsen på begge sider av elva, då den er like viktig for alle prosjekta.

#### 8. Bru i Møllendalsveien

Møllendalsveien inngår i rapport om vegtiltak. Det inngår difor ikkje tiltak for eksisterande bru i Møllendalsveien over Møllendalselva i byromskonseptet. Kvalitetskrava her og i eit kvalitetsprogram/

forprosjekt bør også gjelde opprusting/utviding av brua.

#### 9. Nye portar i kirkegardsmur

Då portane skal betone samanheng med den nye utbygginga, bør dei etablerast samtidig med utbygging i tilgrensande området. Kvalitetsprogrammet må gi føringar for utforming av portane. Opprusting av Møllendalsvegen kan berøre kirkegardsmuren på ein slik måte at tiltaka bør gjerast samtidig eller førebuaast som del i dette arbeidet. Forslaget om portar er eit innspel til Kirkevergen som bør ha ansvar for gjennomføring og byantikvaren bør delta i arbeidet.

#### 10. Strandpromenaden frå strandparken til Gamle Nygårdsbro

Strandpromenaden frå Gamle nygårdsbro til ny park på Tonningsneset. Denne kan med fordel løysast som eit samhengane prosjekt, men kan delast i to prosjekt der strekket forbi Neptun båtføring blir løyst først for å sikre mest mogleg samanheng rundt Store Lungegårdsvann. Plassen ved

Møllendalsveien 2-4 har som formål å binde saman strandpromenaden mellom to ulike sekvensar og området rundt og bør difor gjennomførast saman med strekket forbi båtføring. Plassen ved Gamle Nygårdsbro må fange opp ein del stigning og har som mål å koble strandpromenaden til gangsystemet på brua og samtidig sikre universell utforming. Den bør difor gjennomførast saman med siste sekvens på promenaden.

Dersom ny tverrprofil på Møllendalsveien bak Neptun båtføring utløyser endring i bygningsstrukturen her, bør strandpromenaden etablerast samtidig for å sikre god samanheng mellom opning av båtføring sitt område og veggen.


Utvikling og etablering av strandpromenaden forbi Draugen båtføring vil likne mykje på strekket forbi Neptun. Denne oppgåva kan med fordel skje samstundes for begge desse prosjekta, men kan og samordnast med avslutning av allmenningen mot Store Lungegårdsvann.

Intern avhengighet mellom dei ulike tiltaka i byromskonseptet bør danne grunnlag for samansetting av tiltak i arbeidet utbyggingsavtalar og eventuelle budsjettpakkar. Meir detaljerte forutsetningar bør utgreiast i eit eller fleire forprosjekt eller ved detaljprosjektering i forkant av bygging. Kvalitetsprogrammet gir føringar for detaljprosjektering med møblering, val av materialar, planter o.l. Kommunen si organisering av byggherreansvar blir eit viktig tema i det vidare arbeidet.

## Byromsprosjekt

### Kvalitetsprogram

- 1 Ny strandpark**  
Konkurranse/parallele oppdrag om utforming  
Gjennomføring
- 2 Ny allmenning**  
Detaljering og programmering (3RW, rapport)  
Gjennomføring allmenningen  
Avslutning mot Store lungegårdsvann
- 3 Kryssing til Kunstallmenningen og forbindelse til bybanen**
- 4 Elveparken**  
Forprosjekt elveparken  
**Gjennomføring**  
Tiltak i elva og murar  
Oppreinsking i elva  
Tilgrensande byrom
- 5 Elvesti og parkering ved kapellet**
- 6 Repos ved elvetunnelen**
- 7 Ny gangbru**
- 8 Bru i Møllendalsveien**
- 9 Portar i kirkegårdsmur**
- 10 Strandpromenade**  
Sekvens 1 forbi Neptun inkl. plass  
Sekvens 2 til Gamle Nygårdsbro inkl. plass  
Strandpromenade forbi Draugen



### Symbolforklaring

- Forutsetning for andre tiltak/oppgåver
- Detaljprosjektering
- Avhengig av tilgrensande byggeprosjekt
- Uavhengig av byggeprosjekt
- Føringar frå kvalitetsprogram





# Appendix

## Referansar

- Krakstad, Jens-Otto. Semesteropp-gåve i ressursforvaltning og miljøvern, UiB 1996. BKSAK 200714713-26.
- Miljøgruppen ved Mat.nat. UiB 1996, Møllendalselvenprosjektet – en levende byelv? Sluttrapport fra fase 1.
- Professor i ferskvannsbiologi, Per Johan Jakobsen. Synfaring 27.05.2008.

## Vedlegg

1. Kostnadsoverslag utarbeidd av RISS Landskap AS i samarbeid med Bergen kommune datert 11.06.2008, oppdatert 17.06.2009.
2. Notat. Svar på spørsmål frå SEU. BKSAK 200710908-50, datert 19.11.2008

## Fotnotar

1. Ref. professor i ferskvannsbiologi Per Johan Jakobsen, UiB
2. Forvaltningsplan - vassdragene i Bergen. Bergen kommune. Sak 58/07 vedtatt i bystyret 26.03.2007. Fagnotat BKSAK 200311145-95, rapport datert november 2005.
3. Kirkevergen sitt innspel til vedtak om oppstart av reguleringsplan 1953 Møllendal vest, datert 14.03.2008, BKSAK 200714713-43, samt innspel i møteserien våren 2008.
4. For eksempel kan det gå opptil 6 mnd frå dødsfall til urnenedsetting.

### Layout:

Jayshree Sikotra,  
Bård Magnus Fauske.

Skråfoto: Bergen kommune  
Foto frå synfaring, temakart:  
Bård Magnus Fauske

### Arkiv:

BKSAK 200710908 doknr. 62

## Byromskonsept for Møllendal med kostnadsoverslag



BERGEN KOMMUNE  
BYRÅDSAVDELING FOR KLIMA,  
MILJØ OG BYUTVIKLING